



MUSEUMSSENTERET i Hordaland

Til
Hordaland Fylkeskommune

Frå
Atle Ove Martinussen, direktør

atleovemartinussen@muho.no

Dato: 26 september 2014

Høyringsuttale frå Museumssenteret i Hordaland:

Premiss: Kultur

Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

Museumssenteret i Hordaland (vidare Museumssenteret) ser positivt på at HFK legg fram ein ambisiøs og samlande plan for kulturfeltet i fylket. Det opnar for gode møtestader og tilbod. Det er gledeleg med ein kulturplan som vil ta inn dei samfunnsmessige endringar me er inne i og ha som mål å vera ei drivande kraft i samfunnsutviklinga. Det er også gledeleg at planen legg opp til større samarbeid og samhandling mellom dei ulike forvaltningsnivåa på alle nivå.

Vi ser det som særleg viktig å understreke hovudmålet i den gjeldande ”Regional planen for museum 2011 – 2015”:

”Musea skal utviklast som sterke kunnskapscenter og organisasjonar, og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.”

Vi ser det som avgjerande og viktig at tiltaka i den regionale museumsplanen blir ført vidare og innlemma i den regionale kulturplan for Hordland 2015 – 2025. Det er særleg viktig å sikre volumauke i driftstilskot for musea i åra som kjem slik at dei kan bli sett i stand til å vidareutvikle seg og utføre det samfunnsoppdraget dei har fått. Vi ser at det kan vera ein svakhet ved den nye kulturplanen då den føra til ei pulverisering av det politiske ansvaret for det einskilde kulturfeltet. Med det meiner vi at ein plan som dekker heile kulturfeltet lett kan oversjå sentrale og viktige satsingar og behov innan det einskilde feltet/sektoren som t.d. museum og kulturminnevern. Vi ser også at musea med sin kompetanse og erfaring bør vera med som aktør i fleire tiltaksområde enn dei er ført opp på i planen. Vi kjem tilbake til dette nedanfor.

Visjon og målsetjingar

Det er bar at planen har store visjonar for utviklinga av kulturfeltet i Hordaland, men vi trur at planen vil bli styrka ved å ha ei tydelegare forankring i det som særpregar kulturfeltet i fylket. Planen bør i større grad byggje på dei eksisterande kompetansmiljøa som finst, for slik å kunne arbeide mot at Hordaland vert ein leiande europeisk kulturregion. I denne samanheng er det viktig å fokusere på kva som er det spesielle ved kulturtrekka i Hordaland og trekke fram fagfelte ein kan bli leiande på, for slik kan ein skape grunnlag for vidare utvikling innan kulturfeltet. Musea bør som kunnskapsinstitusjonar, spela ei aktiv rolle og vera ein sentral aktør i høve ambisjonane om at kulturfeltet i Hordaland skal verta grenseoverskridande og nyskapande.

Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet:

Fos musea vil vera viktig å sikre vidare prioritering av tiltaka i regional plan for museum 2011-2015. Det er viktig at handlingsprogrammet i Kulturplanen fangar opp dette og prioriterer det i innsatsområda.

Kva innsatsområde og tiltak bør prioriterast dei første fire åra?

Museumssenteret vil særleg peike på behovet for å fylgje opp museumsplanen og ruste musea slik at dei er i stand til å fylle oppgåvene Kulturplanen peikar på. Vi meiner at innsatsområda 16 og 18 er særskild viktige dei neste fire åra, satt opp under i ei rekkefølge:

Innsatsområde Museumsloftet (16):

Mange av innsatsområda som vil gjera Hordaland til eit leiande kulturregion er med under Museumsloftet (16), men tiltaka må styrkast i musea om loftet skal bli ein realitet og få ringverknader. Innsatsområda omfattar både drift og investeringar, og me reknar med at satsingar på nye utstillingar og oppgradering av faste utstillingane framleis vil vera eit aktuelt tilskotsområde. Det same bør gjelde samlingsforvaltning, samt forvaltningsplanar for bygg og kulturlandskap. Ei auka grad av fellesskapsløysingar vil sikra ei jamn kvalitetsauke i museumsfeltet, og her kan vi nemne at det er store behov for felles løysingar i høve til dømes IKT. Nye fellesmagasin med ulike fellestenester, bør også bli prioritert høgt av fylket.

Planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå

Det vil vere viktig for musea å vita at forvaltningsnivåa samhandlar og at dei i ulike saker har ein felles strategi når musea til dømes søker om midlar til større investeringar. Dette gjeld både stat, fylke og kommune. Ei god samhandling mellom forvaltningsnivåa bør i større grad bidra til at prosjekt blir følgde opp og realiserte.

Fagleg eller geografisk konsolidering av institusjonar, t d Museumseiningar

Museumssenteret er opne og positive til ei eventuell utviding og konsolidering av private samlingar regionalt i Nordhordland. Ein sentral og førande føresetnad for dette, er auka driftsgrunnlag, og at ei konsolidering skal vere ei styrke for begge partar.

Ynskje om årlege budsjettsøknadar, eller kvart tredje år?

Vi ser visse fordeler med treårsbolkar i budsjettsøknadsprosessen. Dette kan gje forutsigbarheit og alle partar vil truleg bruka mindre ressursar på søknadsprosessen. Likevel

er det eit tankekors at musea må søkje staten (KUD) kvart år og det hadde kanskje vore ein idé å samordne dette slik at vi kan sende same søknad til fylket som til staten. Vi ser ein viss fare for at 3-årige budsjett kan gjera det vanskeleg å vera nyskapande og ta opp nye ting som dukkar opp undervegs. Med ei slik ordning vil det verta enno viktigare at fylket har frie prosjekt- og utviklingsmidlar som musea kan søke på årleg. Slike prosjektmidlar bidrar til at musea kan vere fleksible og aktive i forhold til dagsaktuelle situasjonar.

Korleis oppfattar vi det regionale kulturoppdraget og kva er forventningane til dette?

Vi understrekar at det er først og fremst viktig å sjå det regionale kulturoppdraget i høve dei fire F-ane (forskning, formidling, forvaltning, fornying) som er grunnleggjande for musea si verksemd. Dette bør også liggja til grunn for musea sitt regionale kulturoppdrag.

Å styrkje regionale ansvarsmuseum vil skape regionale aktørar som kan bidra inn i mange av innsatsområda i planen. Regionale kulturaktørar som tek i vare dokumentasjon og kulturkritikk er føresetnad for å sikra viktige demokratiske rettar. Musea har tillit og står for integritet hjå folk flest. Musea bør difor vera partner under **innsatsområde 3. Demokrati og kulturkritikk**. Når det gjeld oppgåver knytt til **kulturminne som ressurs (17)** bør regionsmuseet vera partner. Det regionale oppdraget må løysast i nær samhandling og dialog med regionen og lokalsamfunna tufta på dei føresetnadane og særprega dei ulike regionane har. T.d. er rådgjevingstenestene som no er etablert fleire stader eit tiltak tilpassa lokale behov. Også i dokumentasjonsarbeidet må musea i større grad samhandle med lokale aktørar og skape møtestader for konstruktiv og kunnskapsbyggjande dialog. Musea bør kunna bidra som kunnskapsmiljø og minnebank til rådvelde for utvikling og verdiskaping i regionen.

Kulturarv og heilskapleg dokumentasjon (Innsatsområde 23) er naturlege oppgåver for musea. Det er gjennom lokale nettverk og direkte kontakt ein kan koma fram til nye samarbeidsformer kring vern og vidareføring av kulturarv, både den materielle og den immaterielle. Musea har lang røynsle frå samarbeid med frivillig sektor, og reknar med at musea også skal vera med som partner og dørøpnar på dette området, sjølv om dei ikkje er nemnde.

Museumssenteret i Hordaland har elles kommentarar og forslag knytt til fylgjande punkt i planen:

Innsatsområde 3 – Demokrati og kulturkritikk

Musea har som aktiv samfunnsaktør i oppgåve å fremje kritisk tenking. Difor bør musea vera partner under dette innsatsområdet.

Innsatsområde 5 – Inkludering

Vi føresler eit nytt punkt **Migrasjon og kultur møte** under innsatsområde 5. Migrasjon og kultur møte har tradisjonar tilbake til tidlegare tider til Vesterhavsoyene og særleg omfattande var utvandringa til USA på 18- og 1900-talet. Dette feltet er svært aktuelt i dag og bør ha fokus. Migrasjon frå Hordaland til USA med kulturelle impulsar begge vegar representerer eit potensiale på området immateriell kulturarv. Det er eit historisk

tidsbilete som blir gjentatt i dag gjennom migrasjon både i Norden og internasjonalt. Ein innsats på dette feltet vil også kunne ha interesse i nasjonal samanheng.

Innsatsområde 12 - Internasjonalisering

Migrasjon og kulturmøte

Museumssenteret arbeider med migrasjon og kulturmøte med særleg vekt på utvandringa til Nord-Amerika, men også Noregs historiske hopehav med Vesterhavssjøene. Det er lagt vekt på utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk. Det er grunnlag for å utvida dette fagfeltet gjennom samarbeid med norske og utanlandske utdannings- og forskningsintitusjonar. Problemstillingar knytt til dette er sentrale for å forstå samfunnet slik det utviklar seg i dag med stadig større mobilitet mellom land og folk.

Vi føreslår dette som eit tilleggspunkt **F** under innsatsområde 12.

Tiltak 15 C Program for dokumentasjon av immateriell kulturarv.

Her må også Kulturlandskapet / Landbruket takast med.

Programmet for dokumentasjon av immateriell kulturarv i Hordaland må sjåast i samanheng med Unesco sin konvensjon for sikring og vidareføring av immateriell kulturarv. I denne samanhengen er det viktig å få ein dialog med lag og organisasjonar i lokalmiljøa slik at dei kan vera med å leggje premissa for kva som er viktig immateriell kulturarv å ta vare på, føre vidare og dokumentere. Programmet bør også danna grunnlag og vera utgangspunktet for ein plan for vidareføring og sikring av immateriell kulturarv i Hordaland.

Partner: Musea, landbruk (må med her som partnarar !!)

Innsatsområde 16 - Museumsloftet:

1) Nytt Fellesmagasin for musea i Hordaland

Fellesmagasinet vart opna i 2009 med ca 1300m² magasinareal. Det er samla ca 10 000 gjenstandar på det noverande Fellesmagasinet som no berre har plass til mindre gjenstandar. Det er viktig å sikre god framdrift mot nytt Fellesmagasin for mindre og større gjenstandar (stol, kiste, båt, treskeverk, gjenstandar frå industrisamlingar osv.). I tillegg til areal må det på plass personale til å drifte innflyttingsprosess og til den daglege drift av nytt Fellesmagasin i høve klimakontroll, insektkontroll osv. Dette er eit viktig innsatsområde for alle musea.

2) Styrking av Bevaringstenestene, og musea si samlingsforvaltning

Fagmiljøet på Bevaringstenestene er alt på nasjonalt nivå og har potensiale til å verta leiande innan sitt felt. Bevaringstenestene er for alle musea i Hordaland og ei styrking av kompetansemiljøet her vil vera ei styrking av samlingsforvaltninga som kjem alle musea til gode. Utstyr og kompetanse er i dag på eit høgt nivå og det blir rekna som eit nasjonalt kompetansesenter særleg innan tekstil. Det er likevel for få tilsette til å dekkja det nasjonale behovet som er for denne kompetansen.

Det er viktig å ha fokus på nye samlingsgrupper ved musea t d kulturlandskapssamlingar som på Havrå og Lyngheisenteret. Den tradisjonelle samlingsforvaltninga ved musea er ikkje

tilstrekkeleg for å forvalte denne typen samling. Det bør setjast fokus på dette i planen og sikre at musea får ressursar til å ta vare på og forvalte denne nye samlingstypen også.

3) Fellesløysing innan samlingsforvaltning

For å kome musea sine faglege utfordringar i møte, er det stort behov for personell som kan rettleia musea innan samlingsforvaltninga, samstundes som vi ser at vi bør tilby å utføre og bidra inn i det praktiske arbeidet saman med musea når det gjeld arbeid knytt til førebuing av flytteprosessane med registrering og pakking. Mange av dei konsoliderte musea har ikkje eige personell innan samlingsforvaltning. Det vil derfor vera av stor verdi med tanke på framtidig bevaring av samlingane til musea at det vart oppretta fellesløysingar på dette området.

Innsatsområde 18 - Utvalde kulturminne:

På dette innsatsområde listar planen opp store og grunnleggjande oppgåver som kryssar fag- og sektorområde og som inviterer inn alle forvaltingsnivå til samarbeid. Gode og oppdaterte bevarings- og formidlingsprogram er avgjerande for fleire område i planen, og dette ser me gjerne vert meir konkretisert som grunnlag for prioriteringar. Då må ein også vurdere om dei prioriterte områda syner eit heilskapleg bilete av fylket sin kulturarv.

Vi saknar særleg eit felt som:

Tekstilframstilling (både heimeindustrien (den før- industrielle) og tekstilindustrien, samt garveriverksemd.

Garveriverksemd var ei viktig næring på Strilelandet og Bergen på 1800- talet og fram etter, og med røter langt attende i tid. Den siste bedrifta i Noreg, på Borge, vart lagt ned i 2010. Garveridrifta var ei verksemd med internasjonale kontaktar både på råvare og ferdig produkt. I dag ligg fem anlegg att i Valestrandsfossen på Osterøy. Anlegga kring Valestrand er av Riksantikvaren utpeikt som eit område av nasjonal verdi. Den store bygningsmassen har potensiale til spennande samdrift mellom private eigarar og museal/kulturell verksemd, og bør inn som eit satsingsområde.

Industriarven og tekstilindustrien:

Salhus Tricotagefabrik- eit nasjonalt industriminne i Hordaland

I Bergen kommune ligg det nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik, vald ut og høgt prioritert av Riksantikvaren, forvalta av Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret. Tekstilfabrikken Salhus Tricotagefabrik er eit sentralt døme på at industriarv, tekstilindustrien som fagfelt, bør kome sterkare inn i satsingsområda til planen.

Innsatsområde 22. Tradisjonsuttrykk

Omgrepet tradisjonsuttrykk er ikkje definert i planen

Tiltak B: Vidareutvikle tradisjonelle handverk

Handlingsboren kunnskap (immaterielle kulturarv) knytt til tradisjonelle handverk er viktige for å sikre kunnskap og dugleikar som er avgjerande for å ta vare på vår felles kulturarv. Her under er det viktig også å ha fokus på arbeidsteknikkar og reiskapskultur tilpassa det stadedge landskapet med ulike klimatiske, geografiske og ressursmessige forhold i Hordaland. Denne

reiskapskulturen med tilhøyrande arbeidsteknikkar er eit tradisjonsuttrykk. Tradisjonelle handverk kan også vera grunnlag for verdiskaping i lokalmiljøa.

Vi veit at det hastar med å utarbeide strategiar på dette feltet fordi den traderte kunnskapen er i ferd med å forsvinne. På mange område har slik kunnskap verdi langt utover å vera kulturhistorie og gi kontekst til materielle spor. Den er også føresetnad for framtidig berekraftig bruk av ressursar både innan matproduksjon og tekstilfeltet.

Vi ynskjer at planen i større grad er tydelegare på kva som særpregar tradisjonsuttrykket i Hordland, og kva område fylket bør starte med strategiarbeide og innta ein nasjonal rolle. I planen er det alt peika på tre slike område (båtbygging, bygningshandverk og hardingfele). Ein strategi på dette området må syne innsikt i heilskapen og våge seg inn på ikkje-mannsdominerte område som t.d. tekstilfeltet. Vi meiner Hordaland har særlege føresetnader for å ta ein nasjonal rolle innan dette temaet. Dette har både utgangspunkt i dei rike folkelege tekstiltradisjonane, som dels har vorte nasjonale ikon, og som leiande tekstilindustriområde. Det er også aktive kunnskapsmiljø i dag (Muho, VKA m.fl) som kan ta hand om utvikling og gjennomføring av strategiar innan dette temaområdet.

Vi føreslår difor fylgjande konkrete tiltak til handlingsprogrammet:

I den første fireårsperioden vert det gjennomført eit pilotprosjekt der målet er å utarbeide ein strategi for korleis ta vare på og vidareføre kunnskapsarven innan tekstilfeltet. Oppdeling i tematiske område gir rom for å sjå heilskapar og samanhengar. Dette er igjen ein føresetnad dersom ein skal definere og prioritere særleg viktige innsatsfelt. Ein slik strategi må omfatte kartlegging, prioritering og modellar for vidareføring. Dette må skje i samarbeide mellom musea i fylket, frivillig sektor, utdanning, og nasjonale og internasjonale nettverk. I pilotprosjektet må det prøvast ut fast samarbeide med skulen, stipendordningar m.m. Erfaringane frå pilotprosjektet vil kunne nyttast for utvikling av strategiar på andre fagområde.

Tiltak C: Etablere bygningsvernsenter.....

Vi ser dette som eit godt tiltak for å sikre kompetansebygging for handverkarar både i musea og i privat næringsliv. Dei mange restaurerings- og rehabiliteringsprosjekta som går føre seg i Hordaland med offentleg støtte bør opnast opp som læringsarena for eit Bygningsvernsenter. På den måten vil ein kunna heva kompetansen i tradisjonelle handverksteknikkar i reelle prosjekt der det ligg til grunn antikvarisk vurdering av korleis bygget skal restaurerast. Vi ønskjer eit Bygningsvernsenter velkommen.